

HALVOR ROHEIM
ROHEIMVEGEN 345
3804 BØ I TELEMARK

Dato: 03.04.2025
Vår referanse: 2025/1091-1
Sakshandsamar: Thor Lars Christiansen

123/1,10,13 - Melding om dødsbu med landbrukseigedom - frist for overføring til ny eigar

Du får dette varselet da kommunen har fått kunnskap om at du er bustyrar for eit dødsbu som har ein landbrukseigedom i buet. Kommunen varslar om at det er ein frist på tre år som løpar for å overføre landbrukseigedomen i dødsbuet til ny eigar.

Varselet gjeld denne eigedomen:

Kommunenr.	Kommunenamn	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Ideell andel
4036	Vinje	123	1,10,13			

Arvelova si frist for å overføre landbrukseigedom til ny eigar innan tre år

Arvelova § 99 a, som tok til å gjelde 1. januar 2022, set ein frist for å overføre landbrukseigedom frå dødsbuet til ny eigar innan tre år rekna frå tidspunktet då tidlegare eigar døydde. Landbrukseigedom er her definert som ein eigedom som har minst fem dekar jordbruksareal eller minst 25 dekar produktiv skog.

Der arvlatar døydde før 1. januar 2022 blir treårsfristen likevel rekna først frå 1. januar 2022. Dette inneber at fristen i slike tilfelle er gått ut etter 1. januar 2025.

Dødsbuet eller den/dei som er legitimert ved skifteattest pliktar å sørge for at eigedomen blir overdratt til ny eigar. Vi gjev dykk **ein frist til 1.10.2025** for å overdra eigedomen til ny eigar. Overdragelsen dokumenterast ved at den nye eigaren får tinglyst heimel til eigedomen.

Verknaden av å ikkje overhalde fristen i arvelova

Dersom landbrukseigedomen ikkje blir overført til ny eigar med tinglyst heimel innan fristen, kan kommunen krevje tvangssal av eigedomen.

Føresegnene om odelsløyising etter odelslova § 28 kan vere aktuell for odelseigedomar. Ein med odelsrett, uavhengig av om han er arving i dødsbuet eller ei, kan etter odelslova § 28 løyse eigedomen på odel. Kven som har odelsrett til en odelseigedom blir omtalt i odelslova § 8.

Med helsing

Thor Lars Christiansen

landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

- 1 Tilleggsinformasjon om driveplikt og buplikt til dødsbuet og deg som arving

Mottakrarar:

HALVOR ROHEIM